



Fysisk aktivitet og sunne levevaner for barn og unge med psykiske lidingar.



Barn og unge med psykiske lidingar har store vanskar med å opprethalde Helsedirektoratet sine anbefalinger for fysisk helse. Dårleg fysisk helse og uheldig livsstil gjer ei kortare forventa levetid og auka risiko for livsstilsjukdommar, i tillegg til deira underliggende psykiske tilstand.

Nytte

Vi har god dokumentasjon på at regelmessig fysisk aktivitet verker både som ein førebyggings- og ein behandlingsstrategi ved enkelte former for psykiske lidingar og problem. Vi ynskjer å implementere fysisk aktivitet og livsstilsendring som ein del av behandling og utgreiing av barn og unge med psykiske lidingar/diagnosar.

Barn og unge = bevegelse

Ein vil gje gruppebasert og individuelt tilpassa fysisk opplegg. Tilbodet skal utføres av ei tverrfagleg Ressursgruppe.

Samhandling

Samhandling på tvers av klinikkar (psykiatri, somatikk, habiliteringstenesta). Det nyoppretta Energisenteret for barn og unge vil være sentrum for behandlinga av unge pasientar med fysiske og psykiske helseproblem.

Finansiering

Prosjektet er tildelt midlar frå Helse Bergen.

Kontakt

Paul Joachim Bloch Thorsen,
seksjonsoverlege Barneklinikken
Psykisk helsevern for Barn og unge
e-post: pact@ihelse.net
Telefon 55 97 45 06

Liv Kleve, klinikkdirektør,
Psykisk helsevern for barn og unge.
e-post: liv.kleve@helse-bergen.no
Telefon 559 74 500

